



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1536 - 16/11693

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

13.09.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - lager Radøyhallen (anleggsnr 1260000710)

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell godkjenning 2. september 2016 for lager i tilknytning til Radøyhallen. Lageret er eit 47 m2 tilbygg til hallen med eigen inngang som skal brukast til å oppbevara utstyr som vert nytta i hallen.

Det er nemnd i Radøy kommune sin kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø at det er behov for eit lager i tilknytning til Radøyhallen, men ved ein feil er dette ikkje kome med i handlingsplanen. Dette vil verta gjort ved rullering av handlingsplanen.

Me har vurdert planane, og godkjenner dei med følgjande merknad:

- Ved søknaden om spelemidlar må det leggjast ved stadfesta kopi av feste-/leigeavtalen som dokumenterer feste-/leigerett av minimum 30 års varigheit fram i tid.

Anleggstypen vert i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016* definert som idrettshus med funksjon lokale for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell. Ein kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i spelemidlar, maksimalt 1 000 000 per eining.

Eitt sett med planer følgjer i retur med godkjenningsstempel. Skulle planane for anlegget verta endra, må nye oppdaterte planar sendast inn for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal liggja føre før byggearbeida vert sett i gang, men gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Vedlegg:
Godkjende planar

Mottakarar:
Teknisk drift